



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon  
Svein Kornerud, 5557 2027

Vår dato  
14.05.2018  
Dykkar dato  
26.04.2018

Vår referanse  
2014/6530 421.3  
Dykkar referanse  
16/3687

Kommunal- og moderniseringsdepartementet  
Postboks 8112 Dep.  
0032 Oslo

### Motsegn - Kommunedelplan - Sysendalen - Eidfjord kommune

Vi viser til synfaring i Sysendalen og møte i Eidfjord den 08.05.2018.

Både på synfaringa og i møtet kom det fram opplysningar som Fylkesmannen i Hordaland meiner treng ytterlegare merknader og klårgjering. Det er opplysningar som ikkje har vore så sterkt framme tidlegare og også opplysningar som vi ser som ufullstendige. Vi fann det ikkje riktig å korrigere desse opplysningane på staden, då vi såg og ser det som riktig å undersøke forholda først.

#### Lokalisering av alpinanlegg m.m. i Sysendalen

Noverande alpinanlegg på Maurset vart nemnd under synfaringa og vi opplyser difor litt nærare om korleis dette anlegget er forankra i og handsama i planar.

#### *Alpinanlegg ved Maurset – kommuneplan av 2011*

Det er i dag eit alpinanlegg i Sysendalen ved Maurset. I arealdelen til kommuneplanen blei det lagt inn eit større utvidingsområde for dette alpinanlegget mot nord/nordvest. Eidfjord kommunen argumenterte med det same den gongen som i dag, om trongen for eit utvida alpinanlegg i dalen. For Maurset og alternativ til Maurset sa kommunen i saksutgreiinga:

*«Viltområde: Dagens bruk av området og forlenging av alpinanlegget synest ikkje å vera i vesentleg konflikt med langsiktig bruk og vern av Hardangervidda. Tunnelar langs Rv 7 over Hardangervidda samordna med sentrale trekkruiter for villreinen, vil sikra villreinen sin tilgang til større samanhengande sentrale leveområde. Området nord for Sysendalen er lite i bruk av villreinen vinterstid, vinterbeitene er marginale og normalt lite tilgjengeleg. Området mellom Isdalen og Sysendammenmagasinet er ikkje eit område som inngår som trekkområde mellom nord og sør for Rv 7*

*For villreinen er det sumarområda aust for og nær opp mot Hardangerjøkulen som er dei viktige.»*

*«Alternativ lokalisering: Andre alternativ har vore vurdert i planprosessen, men grunna nærleiken til viktige områder for villrein er dei ikkje eigna. Det at ein legg opp til å bygga vidare på eit allereie eksisterande anlegg og ikkje legg opp til eit heilt nytt alpinanlegg, er og ein viktig faktor for valet.»*

Fylkesmannen i Hordaland hadde i brev av 31.01.2008 motsegn til forslaget ut frå naturmangfald, viktig naturtype, samt villreinområdet. Det var synfaring den 20. og 21.08.2008 i m.a. Sysendalen om motsegna. Som referat/oppsummering frå synfaringa seier kommunen i sitt brev av 25.08.2008 følgjande om anlegget ved Maurset:

*«Alpinanlegget på Maurset vart sett på frå Storlia. Det var frå kommunen si side argumentert med at;*

- området er lite i bruk frå villreinen si side,*
- det er lite tilgjengelege vinterbeiteressursar i området,*
- det er tilrettelagt med skiløyper og ferdsle i området frå tidlegare,*
- alternative område er meir følsame for villreinen - området er perifert,*
- bete å samla inngrep i område som ikkje har avgjerande betydning for villreinen enn å spreia inngrepa,*
- utviding av alpinbakken inneber stolheis opp til Grytehoggi med ein endestasjon, og etablering av ny nedfartsløype vest for eksisterande trase utan større terrenginngrep.*

*FM tek med seg denne argumentasjonen tilbake.»*

Kommunen la den 12.04.2010 arealdelen til kommuneplanen ut til offentleg ettersyn for andre gong. Fylkesmannen i Hordaland uttalte då i brev av 31.05.2010 følgjande til forslaget om alpinanlegg på Maurset:

*«15) Utviding og tilrettelegging av alpinanlegget på Maurseth*


*Det er planlagt vesentleg utviding av alpinanlegget på Maurseth med skiheis opp til Grytehoggi. Planen seier at ein tar sikte på å etablere varmastove og servering i same område som i dag. I planforslaget går det fram at kommunen ser dette som beste lokalisering i Sysendalen i høve til minst mogleg konflikt med villreininteresser. Alternative lokalitetar har vore vurdert men funne mindre eigna på grunn av villreinen. Området sør for rv7 er i dette området (sjølve Sysendalen) viktigare for reinen. I tillegg kjem at det alt er lagt til rette løype (vert kvista) frå Maurseth til Isdalen som er mykje nytta av turfolk.*

*Fylkesmannen registrerer at tiltaket vil gå inn i leveområde for villreinen, men ut frå ei vurdering av ferdsle elles i området vil ikkje fylkesmannen gå mot planane om utvida alpinanlegg på Maurseth. Eit godt tilrettelagt tilbod som samlar folk mest mogleg på rett stad i høve til villreinens bruk av området er det beste for å sikre villreininteressene på sikt.»*

Både Eidfjord kommune og Fylkesmannen i Hordaland vurderte altså dei ulike alternative områda for alpinanlegg og tilhøvet til m.a. villrein i prosessen for rullering av arealdelen til kommuneplanen i 2007 – 2010. Når vi ser alternativa mot kvarandre, er vi heller ikkje i dag i tvil om at det tross alt er betre å utvide alpinanlegget på Maurset enn å etablere eit nytt syd for Rv 7 slik som foreslått no. Ein kan vere samd eller ikkje i om det er riktig å utvide anlegget på Maurset, men det er betre enn å opne for eit nytt anlegg der det ikkje er slik verksemd i dag. Det er i stor grad dei same argumenta som gjeld:

- Tyngre utbygging av fritidsbusetnad og reiselivsutvikling skal bli leggjast til område som allereie er tatt i bruk til formålet. Det er utan tvil eit overordna mål å halde aktivitetane samla på ein plass i staden for å spreie dei ut.
- Det er meir aktivitet inn i villreinområdet ved Maurset allereie.

- Det er lengre til grensa for nasjonalparken i område nord for Maurset enn til nasjonalparkområdet syd for Sysendalen.
- Det synest å ikkje vere fullt så intensivt med registreringar av villrein i området der det er opna for utviding av alpinanlegget som det er i området som ligg nært planforslaget. Nasjonalparkgrensa er også eit uttrykk for det, sjølv om at vi minner om at det er observasjonar av villrein også her. Vi viser også til underlagsmaterialet som blei nytta for å vise villreinens vanlege område på Hardangervidda, sjå NVS rapport 7/2010 figur 9 på side 23:



**Figur 9: Posisjoner fra 50 GPS-merkede simler (ca. 10 per sesong) på Hardangervidda i perioden 2001-2009. Posisjoner sendt hver 3. time.**

Til orientering ettersender vi i eige sending følgjande dokumenter:

- Brev av 22.11.2007 frå Fylkesmannen i Hordaland med motsegn til rullering av arealdelen til kommuneplanen i Eidfjord.
- Brev av 25.08.2008 frå Eidfjord kommune med referat/oppsummering frå synfaring.
- Brev av 31.05.2010 frå Fylkesmannen i Hordaland.

#### *Nytt anlegg*

Vi ser elles at kommunen viste til Masterplan for det nye alpinanlegget i oppstart av kommunedelplanen, nemnd slik:

*«Det er utarbeid ein masterplan som grunnjev grunnlaget for tiltakets plassering.»*

Vi kan elles ikkje sjå at kommunen har lagt fram masterplanen eller at det går fram kva den inneheld. Vi kan ikkje sjå at den har vore handsama hos Fylkesmannen i plansamanheng eller at vi har hatt grunnlag for det.

### Drøllstølsbekken - småkraftverk

Eidfjord kommune nemnde fleire gonger at det er vedtak om å byggje småkraftverk i Drøllstølsbekken. Vi har gått igjennom saka og viser til følgjande:

- NVE sendte i brev av 01.07.2015 søknaden om løyve til Drøllstølsbekken kraftverk til høyring.
- Fylkesmannen i Hordaland fremma i brev av 29.09.2015 motsegn til kraftverket.
- NVE gav i brev av 19.12.2016 løyve etter vassressurslova til Drøllstølsbekken kraftverk.
- NVE sendte ved brev av 02.02.2017 saka til Olje- og energidepartementet til endeleg avgjerd.

Fylkesmannen i Hordaland held fast ved si motsegn. Saka ligg no i Olje- og energidepartementet. Vi kan ikkje sjå at saka er endeleg avgjort. Det har ikkje vore synfaring med departementet. Vi viser til nettsida til NVE, der ein finn dokumenta i saka:

<https://www.nve.no/konsesjonssaker/konsesjonssak?id=6662&type=V-1>

Vi sender også ut vår presentasjon frå møtet den 08.05.2018 i eiga sending til alle deltakarane.

Brevet med ettersending av dokumenter sendes til alle instansar som deltok på møtet den 08.05.2018.

Med helsing

Egil Hauge  
fagdirektør

Svein Kornerud  
fagdirektør

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*